

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for opplæring</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Sogndal vidaregåande skule</b>
<b>Møtedato</b>	<b>12.04.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>09:00 – 14:30</b>

**Faste medlemer til stades:**

**Karianne Torvanger (Ap)**  
**Henrik Oppen (Ap)**  
**Senea Sabanovic (Ap)**  
**Gunn Åmdal Mongstad (Sp)**  
**Anders Ryssdal (Sp)**  
**Ole Johnny Stubhaug (Sp)**  
**Sonja Merethe Øvre - Flo (H)**  
**Trude Brosvik (KrF)**

**Forfall til møtet:**

**Alfred Bjørlo (V)**

**Varamedlemer til stades:**

**Trude Risnes (V)**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Fylkesdirektør Bekka Skaasheim**  
**Fylkeshovudtillitsvald Alf Reidar Myrstad**  
**Elevorganisasjonen v/Ragnhild Bjørkum Vassbotn**

**Sekretariat for møtet:**

**Førstekonsulent Merete H. Nornes**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Møtebok frå 30.3.16 vart godkjend utan merknader.

**Orienteringar frå Sogndal vgs** (presentasjon ligg som vedlegg til møteboka):

*Innleiing ved rektor Marta Sofie Vange:*

Kva kjenneteiknar skulen?

*Møte med leiing og tillitsvalde.*

Tema 1: Gjennomføring v/rektor Marta Sofie Vange.

Korleis arbeider skulen med å auke gjennomføringa?

- Kva er kritiske område?

Tema 2: Den lokale samfunnsrollen v/rektor Marta Sofie Vange.

Kva samarbeid, nettverk og synergjar er det mellom skulen og lokalsamfunnet?

Kva samarbeid er det med andre skular i regionen og fylket?

*Møte med elevrådet v/leiar Sofie Sundberg og nestleiar Hanna Vangsnes.*

Kva saker arbeider elevrådet med?

Korleis fungerer samarbeidet mellom elevrådet og skulen?

Tema 1: Trivsel

Korleis fungerer skulehelsetenesta og miljøkoordinator?

Tema 2: Mestring

Korleis var overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule?

Fekk de relevant rådgjeving ved innsøking til vidaregåande opplæring?

I tillegg til orienteringane var det omvising på skulen.

**Dialog med transportbransjen i Sogn og Fjordane** v/styreleiar i opplæringskontoret for transport- og logistikk Per Andreas Øren.

**Orientering** v/teamleiar Kenth Rune Teigen Måren om rapporten «Skolekvalitet i vidaregåande opplæring»

## **SAK 9/16      Skriv og meldingar**

### **VEDTAK:**

#### Skriv til orientering:

1. Søknad om dispensasjon frå forskrift til opplæringslova § 3-3 fjerde ledd, brev til Utdanningsdirektoratet datert 18.3.16
- 1a. Vedlegg 1. Program for bedre gjennomføring – tildeling av midler til fylkeskommunene, brev frå det kongelige kunnskapsdepartementet datert 18.3.16
- 1b. Vedlegg 2. Protokoll frå info- og drøftingsmøte med dei hovudtillitsvalde 29.3.16
2. Søknad om forsøk, e-post frå Utdanningsdirektoratet datert 31.3.16
3. Mo og Øyrane vidaregåande skule – Ridehall, notat til hovudutvalet for opplæring datert 5.4.16.

### **VEDTAK:**

Hovudutvalet for opplæring ynskjer at det skal arbeidast vidare med moglegheitene for realisering av ridehall på MO. I tillegg til grunnlaget i framlagt notat må ein vurdere alternative finansieringsmoglegheiter, t.d. samarbeid med andre aktørar, leigeinntekter, spelemidlar og mogleg eigeninnsats frå skulen si side. Vurderingar som er gjort av rimelegare bygningstype bør også leggjast fram.

---

## **SAK 10/16      Innføringsgrupper og eksamensretta grunnskulefag (EGF) for minoritetsspråklege elevar**

### **VEDTAK:**

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å lyse ut og setje i gang innføringsgrupper for minoritetsspråklege elevar i samsvar med behov. Det må være minst 5 søkjarar for å setje i gang tilbodet.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå samarbeidsavtalar med kommunane om å setje i gang eksamensretta grunnskulefag som innføringstilbod.
3. Tilboda er for 2016 føresett finansierte innanfor den økonomiske ramma for teneste 5620 Tilpassa opplæring.

Eventuelt behov for auka økonomiske rammer i økonomiplanperioden må handsamast i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

---

## **SAK 11/16      Høyring - Rapport Kunnskapssektoren sett utenfra**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Høyringsfråsegna vert vedteken slik det går fram av saksutgreiinga.

**Endringsframlegg:**

Kristeleg Folkeparti v/Trude Brosvik kom med følgjande tillegg:

Hovudutvalet for opplæring vil presisere at fleire av oppgåvene for å styrke kvaliteten i skulen bør overførast til skuleeigar, i staden for å bygge opp og styrke statleg nivå.

**Avrøysting:**

Fylkesdirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti vart vedteke mot ei røyst. Anders Ryssdal stemde mot.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Høyringsfråsegna vert vedteken slik det går fram av saksutgreiinga med følgjande tillegg:

Hovudutvalet for opplæring vil presisere at fleire av oppgåvene for å styrke kvaliteten i skulen bør overførast til skuleeigar, i staden for å bygge opp og styrke statleg nivå.

-----